



## Saksframlegg

Saksnr. utval	Utval	Møtedato
020/18	FORMANNSKAP	24.04.2018
017/18	KOMMUNESTYRE	07.06.2018

## Godkjenning av privat reguleringsplan for Djupvika Losna

### Administrasjonssjefen sitt framlegg til vedtak:

Solund kommunestyre godkjenner privat reguleringsplan for Djupvika Losna med planID 1412-2016001 i samsvar med §12-12 i plan og bygningslova.

### 24.04.2018 FORMANNSKAP

#### Handsaming:

##### *Votering:*

Administrasjonssjefen sitt framlegg til vedtak vert samrøystes vedteke.

### FOR-020/18 Vedtak i:

Solund kommunestyre godkjenner privat reguleringsplan for Djupvika Losna med planID 1412-2016001 i samsvar med §12-12 i plan og bygningslova.

### 07.06.2018 KOMMUNESTYRE

#### Handsaming:

##### *Votering:*

Formannskapet sitt framlegg til vedtak vert samrøystes vedteke.

### KOM-017/18 Vedtak i:

Solund kommunestyre godkjenner privat reguleringsplan for Djupvika Losna med planID 1412-2016001 i samsvar med §12-12 i plan og bygningslova.

**Vedlegg i saka:**

18.04.2018	Planskildring Losna mars 2018
18.04.2018	Losna plankart. 8.3.2018.
18.04.2018	Reguleringsføresegner Losna. mars 2018
18.04.2018	Forundersøkelse for anlegg på Losna
18.04.2018	Illustrasjon
18.04.2018	KU naturmangfold og naturressursar
18.04.2018	Landskapsanalyse Losna, Solund kommune
18.04.2018	Notat friluftsliv Losna 2018
18.04.2018	Rapport frå kulturminneregistrering
18.04.2018	Risikovurdering av forurenset sediment
18.04.2018	ROS-rapport Losna Solund
18.04.2018	Skredsikring og hensynssoner Vedlegg A
18.04.2018	Skredsikring og hensynssoner Vedlegg B
18.04.2018	Skredsikring og hensynssoner Vedlegg C
18.04.2018	Skredsikring og hensynssoner
07.12.2017	Fråsegn til detaljregulering Djupevika Losna
07.12.2017	Skriv frå riksantikvaren 17.10.2017
01.08.2017	Uttale til detaljregulering Djupevika Losna
03.08.2017	Fråsegn til detaljregulering Djupevika Losna
18.08.2017	Fråsegn til detaljregulering Djupevika Losna
12.09.2017	Fråsegn til detaljregulering Djupevika Losna
21.09.2017	Fråsegn til detaljregulering Djupevika Losna
18.04.2018	Førebels uttale Detaljreguleringsplan Djupevika Losna, oppdrettsanlegg på land

**Aktuelle lover, forskrifter, avtalar m.m.:**

Plan og bygningslova  
Forureiningslova  
Kulturminnelova  
Vassressurslova  
Naturmangfaldslova  
Lov om havner og farvann  
Med fleire

**Kva saka gjeld:**

Endeleg godkjenning av privat reguleringsplan for Djupvika Losna planID 1412-2016001. Føremålet med planen er å regulere for landbasert oppdrettsanlegg, med tilhøyrande kaianlegg, anleggsvegar, tippområder for masse og pendlarbustader for tilsette på anlegget.

**Saksutgreiing:**

Framlegg til reguleringsplan vart i sak 039/17 godkjent av Solund formannskap for utlegging på 1. gangs høyring. Høyringsperioden var frå 13.06.2017 – 14.08.2017 og det kom inn merknader frå 8 parter.

Merknadane er kommentert av plankonsulent og gjennomgådd og godkjent av kommunen. Hovudpunkta i dei innkomne merknadane med kommentarar står i kap. 10 s.52 i planomtalen.

Fylkesmannen i Sogn og fjordane kom og med motsegn mot reguleringsplanen: *På bakgrunn av manglande alternative vurderingar av plassering, storleik og avgrensing av tiltaka, og manglande styring på utbygginga gjennom plankartet og føresegner, fremjar vi motsegn mot planframlegget.*

Motsegna til reguleringsplanen slik den vart utlagd på 1. gangs høyring medførde endringar av reguleringsplanen. I planomtalen kap. 11 Endringar etter offentleg ettersyn s.56 står det kva som er endra.

Forslag til reguleringsplan med endringer vart oversendt til Fylkesmannen den 13.03.2018 med spørsmål om dei kunne fråfalle motsegna dei hadde kome med.

Fylkesmannen sitt svar kom den 16.04.2018 og der står det: *På bakgrunn av endringane som er gjort i planen etter offentleg høyring, med reduksjon, konkretisering og betre styring av tiltak slik det er omtalt i kap. 11 i planskildringa, fråfell vi motsegna.*

Framlegget til reguleringsplan har endringar frå 1. gangs høyring og til framlegget som ein går vidare med. Alle endringar ligg innanfor det varsla planområdet.

Dei største endringane er: Planområdet er blitt redusert frå 3058daa til 1688daa, området som er tatt ut er der fjellhallar, tunnelar og den nordlegaste kaien som var planlagd. Det er og mindre endringar på nokre av planflatene som følgje av redusert totalareal.

Medan planframlegget var ute på høyring vart det utført kulturminneregistreringar. Det vart registrert sju automatisk freda kulturminner i planområdet. Riksantikvaren har i skriv datert 17.10.2017 gjeve samtykke til reguleringsplanen med føresetnad om arkeologisk utgraving av dei råka kulturminna samt tekst som er med i §8.1.5 i føresegnene til planen.

### **Vurdering:**

Administrasjonssjefen ser positivt på dei endringane som er gjorde i planframlegget etter 1.gangs høyring. Planframlegget viser god utnytting av tilgjengeleg areal med tilpassing til omgivelsane. Som avbøtande tiltak for den dyrka marka som anlegget tar i bruk vil det bli etablert nytt jordbruksområde.

Kulturminneregistrering er utført i området og krav som er kome i etterkant er tilført planføresegner.

Endringane i reguleringsplanen har i hovudsak redusert omfanget av planområde og planlagde tiltak. Administrasjonen sin vurdering er at det ikkje er nødvendig å sende planen ut på 2.gangs høyring før ein kan godkjenne den.

Administrasjonssjefen vurderer reguleringsplanen med endringar som godt, og legg det fram for Solund kommunestyre for godkjenning.

**Etter endeleg vedtak utskrift til:**

Sogn og fjordane fylkeskommune v/plan- og samfunnavdelinga Fylkesmannen I Sogn og fjordane v/ Miljøvernavdelinga Fylkesmannen i Sogn og Fjordane v/Landbruksavdelinga Kystverket Vest v/ Plan- og kystforvaltningsavdelingen Fiskeridirektoratet. Region Vest	Askedalen 2  Njøsavegen 2  Pb. 14  Postboks 1502  PB. 185 Sentrum	6863 Leikanger  6863 Leikanger  6800 Førde  6025 Ålesund  5804 Bergen
Telenor Nett	Pb. 7150	5020 Bergen
Sunnfjord Energi Statens Vegvesen Region Vest	Boks 123 Askedalen 4	6801 Førde 6863 Leikanger
Bergen Sjøfartsmuseum	Postboks 7800	5020 Bergen
NVE Region Vest Sjøfartsdirektoratet	Postboks 53 Hamnegata 3	6801 Førde 6900 Florø
Mattilsynet	Kyrkjevegen 332	4325 Sandnes
Naturvernforbundet Sogn og Fjordane Miljøvernforbundet	Hilleren Postboks 593	6878 Veitastrond 5806 Bergen
Firda Billag	Postboks 204	6802 Førde
Fjord 1 Fylkesbåtane AS NGIR	Pb. 354 Kjevikdalen	6902 Florø 5956 Hundvin
Øystein Krakhella	Rymlehaia	5282 Lonevåg
Steinar Kjell Krakhellen Oddvar Magnus Hatløy		6926 Krakhella 6964 Korsund
Gunnar Arne Krakhellen	Demmesvingen 10	6800 Førde
Kalland Jofrid O K		7318 Agdenes
Astrid H Krakhella	Våkleivskogen 178	5155 Bønes
Geir Nordahl-Pedersen	Brattholmen 112	5350 Brattholmen
Georg Bjarne Blindheim	Sethøyen 14	5136 Mjølkeråen
Svein Losnedal	Solliveien 15	1366 Lysaker
Kari Krokeide Reidar Lothe	Troldhaugvegen 38b Garnesfjæra 19	5232 Paradis 5264 Garnes
Knut Arne Andersen	Ålhusgt. 2	6847 Vassenden
Hege Indreberg Solund Bondelag v/ Anne-Marie Gåsvær Færøy Ivar Netteland	Ålhusgt. 2	6847 Vassenden <a href="mailto:gfaeroey@online.no">gfaeroey@online.no</a> 6924 Hardbakke
Jon Reinert Myhre	Mølleveien 2	5067 Bergen
Jorunn Therese Engdal Helene Næsse	Lien 64	6926 Krakhella 5057 Bergen